
Fra: Hanne Espe <Hanne.Espe@hfk.no>
Sendt: 12. august 2015 10:25
Til: Bente Kopperdal Hervik
Emne: VS: FÅ15-kåring

VS kopi av skjema

Helsing Hanne

-----Opprinnelig melding-----

Fra: hanne.espe@hfk.no [<mailto:hanne.espe@hfk.no>]
Sendt: 6. august 2015 14:56
Til: Hanne Espe
Emne: FÅ15-kåring

kommune: Radøy kommune

sokjar: Radøy kommune

kontakt: Bente K. Hervik

omraade: Tusensårsstaden (området kring Solendfjellet, Nøttveitveten og Morkefjellet)

lokalisering: Området ligg i gangavstand frå kommunesenteret Manger, som er den største tettstaden i kommunen. På Manger er det barnehage, barneskule, ungdomsskule med elevar frå heile kommunen, Manger folkehøgskule, idrettsanlegg, butikkar m.m.

brukargrupper: Området vert nytta av innbyggjarar frå heile kommunen og også innbyggjarar frå andre delar av Nordhordland. Området er også eit populært turmål for hyttefolk og turistar. Nøttveitveten er ein av ti "selfie-toppar" i Nordhordland i eit turopplegg som er initiert av Knarvikmila og Knarvik senter. Morkefjellet er ein av Radøy sine ti turmål i 2015. I perioden frå 1. juni 2014 til 30. mai 2015 er det skrivne ned 14 485 namn i boka på toppen av Nøttveitveten.

tilrettelegging: Det er mogleg å parkera på Manger eller på Solendfjellet. Området er tilrettelagt med gjerdeklyv og inngangen til området er skilta. Det er sett opp benkar på Solendfjellet ved parkeringsplassen. Denne staden er såleis tilgjengeleg for alle. Her får ein ei nydeleg utsikt over Manger og vestover mot Meland, Askøy, Øygarden og Hjeltefjorden. På Nøttveitveten og Morkefjellet er det sett opp gapahukar.

tilkomst: Området ligg i gangavstand frå Manger. Det er også mogleg å koma dit med buss, bil eller sykkel.

aktivitet: Området kan og vert nytta heile året. Det er gapahukar på Nøttveitveten og Morkefjellet der ein kan søkja ly.

opplevingskvalitet: Området ligg i eit flott kulturlandskap. Garden Morken kom for nokre år sidan på andre plass i Hordaland fylke si kåring av kulturlandskap. Det er rikt med kulturminne i området. Her må me særleg nemna uteflorar og rydningsrøyser. Det er flott utsikt heile turen. Undervegs kan ein også oppleve ei brakjehytte som er sett opp av kunstnare Aud Bækkelund frå Kvam.

info: Området er kåra som det mest attraktive friluftsområdet i Radøy kommune av innbyggjarane i Radøy. Området vart vald til Radøy kommune sin tusenårsstad.

Bilete vert send i eigen e-post.

No virus found in this message.

Checked by AVG - www.avg.com

Version: 2015.0.6125 / Virus Database: 4392/10383 - Release Date: 08/06/15